Sunnfjord kommune

# Møtereferat

## Prosjektgruppe for politisk oganisering

| **Møtedato:** | **09.04.2018** | **Møtestad:** | Møterom Angedalen – Førde rådhus |
|---|---|---|---|

| **Møtt** | **Ikkje møtt** |
|---|---|
| Åsmund Berthelsen<br>Kari Iren Birkeland<br>Olve Grotle<br>Norunn Lunde Furnes<br>Mathias Råheim<br>Håkon Myrvang<br>Ole John Østenstad<br>Malin Moldestad | Oddmund Klakegg<br>Gunn Merete Paulsen<br>Kari Valle |

| **Møteleiar**: | **Åsmund Berthelsen** | **Møtereferent**: | **Ole John Østenstad** |
|---|---|---|---|

| Sak nr. | Sakstittel, omtale og konklusjon | Ansvar | Frist |
|---|---|---|---|
| 1 | **Referat og oppsummering frå møte 12.03.2018**<br>• Gjennomgått og godkjent | | |
| 2 | **Komitear eller utval – ei oppfrisking av regelverket**<br>• Åsmund Berthelsen og Ole John Østenstad oppsummerer forskjellane mellom organisering etter kommunestyrekomite (heretter komite) og utval<br>• Orientering om forslag til ny kommunelov – departementet sitt forslag fører ikkje til vesentlege endringar<br>• Drøfting av komite og utval<br>  o Kjønnsfordeling kan bli utfordrande i ein utvalsmodell saman med konklusjonen om at alle medlemmane i kommunestyret skal vere representert i utval<br>  o Ingen konklusjon | | |
| 3 | **Konkludere på punkt i referatet som ikkje vart «avgjort» i førre møte**<br>• Storleik på formannskapet<br>  o Konklusjon: 11 medlem<br>• Planutval (saker i samsvar med pbl.) | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | o Konklusjon: planutvalet skal vere personidentisk med formannskapet<br>• Vern av barn sine interesser<br>o Konklusjon: planutvalet skal ha ein representant som skal ivareta barn sine interesser. | | |
| 4 | **Drøfte/teste modellar på hovudstruktur**<br>• Ole John Østenstad presenterer modellane<br>• Drøfting basert på avklaringane i førre møte<br>o Alle i kommunestyret skal fordelast på utval/komitear<br>o Eige eldreråd og eige råd for menneske med nedsett funksjonsevne<br>o Ikkje kommunedelsutval<br>• Drøfting av tal på utval/komitear<br>o Skal «levekår», utdanning, helse og omsorg, vere samla eller delast opp i to utval/komitear<br>▪ Få vedtakssaker og større overblikk talar for samla utval/komite<br>▪ Storleiken på saksområda, storleiken på kommunestyret og djupare kjennskap til saksområde i ny kommune talar for to utval/komitear<br>▪ Ingen konklusjon<br>o Modell A og C med eit samla «driftsutval» vert ikkje tilrådd i det vidare arbeidet<br>o Modell D og D2 blir ikkje tilrådd i det vidare arbeidet grunna konklusjon om personidentisk planutval og formannskap<br>o Leggje til «næring» i «kultur og samfunnsutvikling» boksen<br>• Ole John Østenstad følgjer opp og justerer modellane i samsvar med konklusjonar i møtet | | OJØ |
| 5 | **Klageutval**<br>• Ole John Østenstad orienterte om e-post utveksling med Fylkesmannen om klagebehandling - ordinært klageutval og klageutval hs (behandling av klager etter sosialtenestelova og kommunehelselova)<br>o Klageutval blir tema i neste møte<br>• Førebels konklusjon om eige oridnært klageutval | | OJØ, ÅB |
| 6 | **Eventuelt**<br>• Åsmund Berthelsen orienterte om deltaking i fellesmøte med eldreråd og kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne | | |

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*